

---

**Fra:** Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>  
**Sendt:** 3. september 2017 22:43  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Dispensasjon frå krav om gjødselplan.

Linsås kommune

ved Landbrukskontoret.

**Gjeld søknad om fritak frå krav om gjødselplan.**

Norsk Landbruksrådgeving har gjeve meg det rådet at slik drifta er hos meg no,- bør eg søkja om fritak frå kravet om gjødselplan.

Forholdet er at eg kjøper det meste av grovforet til sauene mine. I fleire år har eg kjøpt godt rundballefor som eg sjølv har frakta til gards frå seljarar i området. Så har eg køyrt det eg slær med forhaustar til annan brukar. Ein del grovfor vert lagra som tørrhøy. Ein viktig grunn til slik løysing er at med så lite uttak som trengst til dei vinterfora dyra, vert siloforet lett skjemt om hausten og våren når ein tek ut med grabb. Ein rundballe varer 3 - 4 dagar og *det* har gått svært greitt med kvaliteten. Det er og slik for meg at disponibelt areal for beiting då er så stort at det krevst minimalt med gjødsling. Både eg og Terje Hopland, på garden sin der vi beiter vår og haust, brukar beitepussar på mykje av aktuelt beiteland. Det verkar som *det* sundmalne graset og gjev eit slag gjødseleffekt.

I mi stode, m.a. i høve til alder og allmenntilstanden, må eg kvart år ta ei ordentleg vurdering om kva eg skal leggja opp til. Slik eg vurderer stoda i dag, vil eg freista driva komande år nokolunde som dei siste åra. Og håpar m.a. å gjera ferdig eit grøfte- og attleggs-prosjekt.

Såleis **søker med dette om fritak frå kravet om gjødselplan.** Og imøteser med takk at dette vert gjeve.

Med vennleg helsing

Reidar Furelid

Vassbygdvegen 271 - 5912 SEIM

- Gard nr. 182,- bruk nr. 4. Produsentnummer: 1263048413.